



smuss*

ODDA2010
LITTERATURSYMPOSIET

ODDA2010

LITTERATURSYMPOSIET

13. - 17. oktober www.litteratursymposiet.no

Marit Eikemo, festivalleiar

Else Marie Sandal, programansvarlig for barn og unge.

Nina Kongtorp, tenesteleiar for kultur i Odda Kommune

Blueslaget Lokst Utøve, teknisk ansvarlig.

Billettsal:

- Tenestetorget i Odda (biblioteket)
- www.litteratursymposiet.no
- Billettsal ved inngangen.



Design: Augun Johnsen/Foto s.1 Håkon Stokkein

*Litterært smusstillegg

Odda er feilstinget i hardangersaumen, seier Frode Grytten.

Eller: Odda er eit anna ord for smuss.

Det skitne og det ureine, bråk og røyk er klassiske ingrediensar i industrihistoria. Smuss er konsekvensen av velferd. Det er skiten på arbeidskleda, smusstillegg og oddalukt. Det er ruinen av Smelteverket som ligg der, og det er blod og sveitte i klassekamp og boksekamp.

Smuss er også eit anna ord for det tradisjonelt låge i kulturen og kunsten, det enkle og billige, det skammelige og latterlige. Det er folkesnakk, og det er fotball - den einaste fascinasjonen som bind Dag Solstad til folket, som han sjølv har sagt.


Smuss er populært. Smuss er overalt. Smuss er popmusikkens tekstar, den nærmast universelle utbreiingen av lyrisk diktning, ifølgje Kjartan Fløgstad.

Smuss er for sant til å vere godt. Det er John Olav Nilsen & Gjengens diamantar og kirsebær.

Velkommen til Odda!

Marit Eikemo

Leiar for Litteratursymposiet



Bikubegang

- 1 MURBOLIGEN
- 2 FOLGEFONNGATA
- 3 FRELSESARMEEN
- 4 BARNESKULEN
- 5 PLATESJAPPA
- 6 FLYTEBRYGGA
- 7 TORGET
- 8 BUSSTASJONEN
- 9 ALMERKEPARKEN
- 10 GÅGATA
- 11 MERCUR CAFÉ
- 12 SKREVET
- 13 DOMUS
- 14 SMELTAREN
- 15 HARDANGER HOTEL
- 16 RÅDHUSET/BIBLIOTEKET
- 17 KINOEN
- 18 OPO
- 19ERRAFLOT
- 20 TYSSEDALSVEGEN
- 21 LINDEHUSET
- 22 SMELETHUSET
- 23 HJØLLO
- 24 RØLDALSVEGEN



Litteratursymposiet

- A LINDEHUSET
- B HARDANGER HOTEL
- C MEIERIET
- D KINOSALEN
- E KINOFOAJEEN
- F SMELT
- G VERTSHUSET
- H ODDA BIBLIOTEK
- I MURBOLIGEN (START BIKUBEGANG)
- J TTI
- K BOLIDEN
- L EKSPEDISJONEN
- M RØLDAL STAVKYRKJE
- N ODDA VGS
- O RØLDAL SKULE
- P VIKEBYGGD SKULE
- Q KINSARVIK SKULE
- R NITROGENFABRIKKEN
- S SENTRALBADET
- T SMIA
- U VITENSENTERET



Gå langs vegen som ein vanlig mann.

Litteratursymposiets lågterskeltilbod

Fredag og laurdag kl. 16.00

Frode Grytten og
Pedro Carmona-Alvarez
Bikubegang

Bli med inn i Frode Gryttenes univers og det mytiske Odda. Bikubegang er ei vandring i det litterære og heilt konkrete Odda, med opplesingar og folkesnakk og historiske kuriosa. Grytten startar byvandringa utanfor Murboligen og stoppar ved fleire sentrale punkt i Odda. Her får vi høre om den gamle platesjappa til Bessie og dei legendariske snopedamene i Gågata. Vi får høre om partisekretæren frå *Bikubesong* som ramlar i Sørfjorden og endar opp med ein våt og uleselig 1. mai-tale. Vi får høre om slaget i Skrevet i 1931, då kommunistane og sosialdemokratane sine 1. mai-tog brasa saman i eit gedigent masseslagsmål, og på kinotrappa syng Pedro.

Foto: Helge Storli




Foto: Harborg Pedersen



Litterær kraftstasjon

Opninga av årets Litteratursymposium er ei storslått forestilling med ord, musikk og festivitas.

Kaia Varjord framfører prologen *Nattens demon* av Anna Bache-Wiig.

Innslag ved improvisasjons- og støymusikar Hild Sofie Tafjord på horn og elektronikk og gammalt skrap frå Smelteverket.
I samarbeid med Borealisfestivalen.

Minikonsert med Frode Grytten, Pedro Carmona-Alvarez og Stein Torleif Bjella.

Innslag med Tyssedalkoret og Ragnar Hovland.

Talar og overraskingar.

Onsdag kl. 19.00 i Lindehuset



Foto: Helge Storhaug



Kjartan Fløgstad er ein av dei viktigaste forfattarane i Norge etter krigen. Han debuterte i 1968 og har sidan gitt ut skjønnlitteratur og sakprosa fordelt på mange sjangrar. I 1978 fekk han Nordisk Råds litteraturpris. Bøkene hans er omsett til mange språk, og han er sjølv omsettar. Fløgstad er også industriarbeidar frå Sauda, sjømann og assosiert odding. I år kjem han tilbake med eit nyskrive essay på bestilling frå Litteratursymposiet. Essayet er skriven i tradisjonen etter den moderne klassikaren *Loven vest for Pecos*, der Fløgstad tar eit sviande oppgjer med elitens utdaterte forestillingar om den smaklaue og hjernevaska populærkulturen.



Klassikarsamtalen

Kjartan Fløgstad skrev i 1988 den kritikarroste biografien om Claes Gill, *Portrett av et magisk liv*. Hundre år etter at Gill blei fødd i Odda, møtes Kjartan Fløgstad og Einar Økland på Litteratursymposiet i samtal om ein av våre store kunstnarmytar.
Arrangementet er eit samarbeid med Senioruniversitetet i Odda.

Torsdag kl. 12.00 på Meieriet kulturhus

Kjartan, bland venner.

Smussforedraget

Onsdag kl. 17.00 på Sentralbadet/Smelt

Fotballdebatten

Kjartan Fløgstad, Dag Solstad, Frode Grytten, Håkon Opdal og Aslak Sira Myhre

Fredag kl. 22.00 på Hardanger Hotell

Sovjetiske skuggar

Kjartan Fløgstad, Åsne Seierstad og Per Anders Totald

Fredag kl. 16.00 på biblioteket



En briljant Ørstavik. (...) En kraftdose litteratur av det slaget som fryder enhver som er henfallen til romaner.

Dagsavisen om Hanne Ørstaviks siste roman,
48 rue Defacqz.


Skamsalong med Dag Solstad, Hanne Ørstavik og Vigdis Hjorth.
Fredag kl. 18.00 på Hardanger Hotell

Hanne Ørstavik blir rekna som ei av Skandinavias mest spennande forfattararar i sin generasjon. I gjennombrotsromanen, *Kjærlighet*, skapte ho med hovudpersonen Vibeke ei skandinavisk Madame Bovary, ei bok om ein forkropla mor-barn-relasjon med fatale konsekvensar.

I bøkene til Ørstavik handlar det ofte om å utforske grenser, og ein anar ei underliggjande uro hos romankarakterane, som om dei er i fare. Noko står på spel for dei, til dømes for den unge, kristne psykologistudenten Johanne, som bur saman med mor si i *Like sant som jeg er virkelig*. Ein dag vaknar ho og får ikkje opp døra til rommet sitt, to veker etter at ho har innleia eit kjærleiksforhold.

Kjærlighet er kåra til ein av dei beste norske romanar dei siste 25 åra. Ørstavik har gjennom heile forfattarskapen mottatt ei rekke litterære priser, og bøkene hennar er omsett til mange språk.

I 2010 var ho Festspilldiktar i Bergen.



Møt Hanne Ørstavik i samtale med Marit Eikemo
★ Lørdag kl. 13.30 på Hardanger Hotell
Hanne Ørstavik in town

Foto: Hans Fredrik Asbjørnsen

Foto: Mimsey Müller

LITTERATURSYMPOSIET 2010 PROGRAM

ONSDAG 13. OKTOBER

08.30	Odda ungdomsskule	Bjørn Sortland møter 8. klasse.	
10.00	Meieriet	Må lese, bare må lese! Seminar om serie- og fantasylitteratur med Iselin Alvestad, Bjørn Ingvaldsen, Bjørn Sortland, Lars Mæhle, Svein Slettan og Anne-Stefi Teigland.	500,-
17.00	Sentralbadet/Smelt	Smussforedraget. Kjartan Fløgstad framfører eit nyskrive essay på bestilling frå Litteratsymposiet.	Gratis
19.00	Lindehuset	Opningsforestilling. Tyssedalkoret, Stein Torleif Bjella, Frode Grytten, Pedro Carmona-Alvarez, Ragnar Hovland, Kaia Varjord og Hild Sofie Tafjord.	200,-
21.30	Smia	Ordsmia. Oddasnakk med Lars Ove Seljestad, Herdis Moldøen, Jan Gravdal, Øyvind Solheim og Erlend Huus.	100,-
22.00	Hardanger Hotell	Smussquiz med Ragnar Hovland.	50,- pr lag

Utstillingar

Smelt: Ikke skyt gullfuglen,

Grafikk/silketrykk av Augon Johnsen

Kinofoajeen: Bikubesong,

foto av Oddleiv Apneseth

Smelteverkstomta: Avduking av monumentet

Makter og menneske ved Lars Korff Lofthus og Leander Djønne

For meir informasjon og billettsal

www.litteratussymposiet.no

Tenestetorget i Odda, 53 65 40 00

Vi tar etterhald om endringar
i programmet.

LITTERATURSYMPOSIET 2010 PROGRAM

TORSDAG 14. OKTOBER

08.20	Odda vgs.	Skrivekurs med Pedro Carmona-Alvarez.	
08.30	Odda ungdomsskule	Iselin Alvestad møter 9. klasse og Lars Mæhle møter 10. klasse.	
08.30	Odda barneskule	Bjørn Sortland møter 7. klasse.	
10.00	Odda bibliotek	Beate Grimsrud møter barnehagane.	
12.00	Meieriet	Klassikarsamtalen. Einar Økland og Kjartan Fløgstad i samtale om Claes Gill som blei fødd i Odda for 100 år sidan.	90/40,-
15.00	Smelt	Pedros poetiske hjørne. Poesiopplesing med Pedro Carmona-Alvarez, Kristin Berget, Gunnar Wærness og Terje Thorsen.	Gratis
16.00	Smelt	Drit i litteraturen! Powerpoint-presentasjon med Gunnhild Øyehaug.	Gratis
17.00	Lindehuset	Litterær knockout. Tomas Espedal, Cathrine Sandnes og Beate Grimsrud om boksing. Frode Grytten og Helge Skodvin framfører einaktaren Desse boksehanskane.	200,-*
19.00	Lindehuset	50/50. Kyre Andreassen, Terje Thorsen og Marit Eikemo i samtale om og med Frode Grytten.	200,-*
21.00	Lindehuset	Grytten framfører oddaversjonen av The Smiths-albumet The Queen is dead.	
23.00	Hardanger Hotell	Konsert med John Olav Nilsen & Gjengen.	200,-
		DJ	250/100,-

* 200,- er samla pris for dei to merkte arrangementa



LITTERATURSYMPOSIET 2010 PROGRAM

FREDAG 15. OKTOBER

08.30	Odda barneskule	Maria Parr møter 3. klasse.
08.30	Tyssedal skule	Roald Kaldestad møter 1.-3. klasse.
08.30	Odda vgs	Harald Rosenløw Eeg møter 2. klassane: "Frå bok til film".
09.00	Odda vgs	Skrivekurs med Pedro Carmona-Alvarez.
11.00	Bokkotunet	Forfattarbesøk.
11.00	Boliden	Opplesing med Vigdis Hjorth.
11.00	TTI	Opplesing med Agnes Ravatn.
12.00	Smelt	<i>I begynnelsen var klassereisa.</i> Lunsjforedrag med Lars Ove Seljestad.
13.00	Røldal skule	Bjørn Ingvaldsen møter 7. klasse. Beate Grimsrud møter 1.-3. klasse.
14.00	Murboligen	<i>Bikubesalong.</i> Eksklusive opplesingar i leiligheter i Murboligen med Dag Solstad, Frode Grytten og Gunnhild Øyehaug.
16.00	Biblioteket	<i>Sovjetiske skuggar.</i> Kjartan Fløgstad, Åsne Seierstad og Per Anders Todal. Aslak Sira Myhre er ordstyrar.
16.00	Murboligen (start)	<i>Bikubegang.</i> Litteratursymposiets lågterskeltilbod med Frode Grytten og Pedro Carmona-Alvarez.
18.00	Hardanger hotell	<i>Skamsalong.</i> Vigdis Hjorth, Dag Solstad og Hanne Ørstavik i samtal om skam i litteraturen.
19.00	Røldalsgarasjen	Litteraturkveld med Jon Hjørnevik.
20.00	Lindehuset	<i>Litterær heilaften.</i> Bokprat med Lars Saabye Christensen og opplesing med Vigdis Hjorth, Beate Grimsrud, Ragnar Hovland og Tomas Espedal.
22.00	Hardanger Hotell	<i>Fotballdebatten.</i> Håkon Opdal, Frode Grytten, Dag Solstad og Kjartan Fløgstad. Aslak Sira Myhre er ordstyrar.
23.00	Hardanger Hotell	DJ

LITTERATURSYMPOSIET 2010 PROGRAM

LAURDAG 16. OKTOBER

11.00	Meieriet	Barneprogram. Opplesing med Maria Parr, etterfulgt av <i>Heavykatten</i> ved Roald Kaldestad, Stig Lundblad-Sandbakk og Roy Ole Førland.	100/50,-
12.00	Hardanger Hotell	<i>Men Buicken står her fremdeles.</i> Konsert med Lars Saabye Christensen, Tom Stalsberg, Knut Reiersrud og Stian Carstensen.	250,-*
13.00	Vitensenteret	Vitenshow og aktivitetar (til kl. 16.00).	100/50,-
13.00	Kinsarvik bibl.	Opplesing med Maria Parr.	
13.30	Hardanger Hotell	Bokprat med Hanne Ørstavik, i samtale med Marit Eikemo.	250,-*
14.00	Ekspedisjonen	Opplesing med Agnes Ravatn, Ragnar Hovland og Jon Hjørnevik.	
14.30	Hardanger Hotell	<i>Smusstillegg.</i> Lars Ove Seljestad, Tomas Espedal og Tina Åmodt, om arbeid i litteraturen og litteratur som arbeid.	250,-*
16.00	Vitensenteret	Opplesing med Stian Hole.	
16.00	Murboligen (start)	<i>Bikubegang.</i> Litteratursymposiets lågterskeltilbod, med Frode Grytten og Pedro Carmona-Alvarez.	Gratis
16.00	Biblioteket	<i>Faktafiksjon.</i> Om grensene mellom skjønnlitteratur, sjølvbiografi og dokumentar: Åsne Seierstad, Tomas Espedal og Vigdis Hjorth.	100,-
17.00	Smelt	<i>Menn, død og elskov.</i> Opplesing med Arne Lygre og Per Knutsen.	Gratis
18.00	Hardanger Hotell	<i>Litterær latter.</i> Dag Solstad, Einar Økland, Ragnar Hovland og Agnes Ravatn om humor i litteraturen. Solstad og Økland framfører utdrag frå lesestykket <i>Georg, sit du godt?</i> frå 1968.	100,-
20.00	Odda kino	<i>Skål, Odda!</i> Festforestilling og urframføring av Tyssedalkorets nye storprosjekt.	200,-
20.00	Hardanger Hotell	Storbandpremiere med lokale heltar, opplesingar mm. Konferansier: Hallgeir Opdal	
22.00	Hardanger Hotell	Dans med Lazy.	100,-
*250,- er samla pris for dei tre merkte arrangementa			
SØNDAG 17. OKTOBER			
13.00	Smelt	Litterær Chill Out.	
14.00	Kalvaträet	Offisiell opning av Bokbua i Røldal, verdas minste litteraturhus.	

Internasjonalt er Lars Saabye Christensen kjent som *Norway's literary superstar*, men sjølv oppfattar han seg som ein lokal forfattar. Hans intense forhold til Skillebekk og Oslo indre vest har prega heile forfattarskapen.

Det er der karakterane mine hører heime, seier han om heltane sine, som snublar seg gjennom livet, foreldre-barn-relasjoner, sekstital og popmusikk.

Lars Saabye Christensen begynte som lyrikar og fekk Tarjei Vesaas' debutantpris for diktsamlinga *Historien om Gly* i 1976. Sidan har han fått ei lang rekke priser og utmerkingar, og bøkene hans har lesarar over heile verda. I 2002 fekk han Nordisk råds litteraturpris for *Halvbroren*.

Vi er stolte over at Lars Saabye Christensen har valt Odda som ein stad han vil presentere sin nye roman, *Bernhard Hvals forsnakkelser*. Også denne gong handlar det om karakterar som fell utanfor. *Dei har komme til ei verd der forma deira ikkje passar*, for å seie det med Saabye Christensen sjølv. Mellom Bernhard Hval, legen med tvangstankar, og vandraren Notto Fipp er det duka for vennskap, lidenskap, galskap og skandalar.

**Møt Lars Saabye Christensen
i bokprat med Aslak Sira Myhre
på Litterær heilaften**

Fredag klokka 20.00 i Lindehuset



men Buicken står her fremdeles

Lars Saabye Christensen, journalist Tom Stalsberg og fotograf Eivind Bones drog i 2008 til USA på reportasje for Dagbladet Magasinet, og kom heim med kofferten full av ord, setningar og stemningar. Ein vinterdag tok dei med seg tekstane i studio, og saman med musikarane Knut Reiersrud og Stian Carstensen improviserte dei fram musikkversjonen av denne amerikareisa.

Laurdag klokka 12.00 på Hardanger Hotell

Litterær knockout

I den sjølvbiografiske romanen *Brev* går Tomas Espedal rett på sak: «Første gang jeg sloss var i en buss». Her dundrar han laus på ein gut som sleng dritt til kjærasten hans. Far hans var boktar, og det er han som har lært Tomas å slå. I romanen skildrar han inngående korleis ansikt endrar seg, sprekk opp og skiftar farge når slaga råkar. Beate Grimsrud har laga film om kvinnelige boksarar og ho fortel kvifor det er bra for kvinner å bokse. Cathrine Sandnes, 13 gonger norgesmeister i karate og bronsemedaljør i EM i kickboksing, har noko ho vil ha sagt om sitt kontroversielle idol Mike Tyson: Kva var det som brast då Tyson beit øret av Holyfield i Las Vegas, Nevada 1997?



Foto: Helge Skodvin

Foto: Henrik Lund



Ein komplett boksekveld med opplesing, film, samtale, kåseri og teater!

Odda har lange og stolte tradisjonar for arbeiderklasseidretten boksing, men kva var det som butta? Kor er det blitt av alle gutta? Kvifor slutta Fred i *Halvbroren* å bokse? Og kvifor begynte Tomas Espedal, Cathrine Sandnes og Beate Grimsrud?



Frode Grytten og Helge Skodvin slår ut kvelden med ei framföring av einaktaren Desse boksehanskane

Torsdag kl. 17.00 i Lindehuset



Jeg stoler ikke på mennesker uten skamfølelse. Det er vel et aspekt ved den tiden vi lever i at den har fryktelig mye å tilby de skamløse. Dette er de skamløses tid.

Dag Solstad

Skamsalong

Dag Solstad, Vigdis Hjorth og Hanne Ørstavik skriv alle om ulike former for skam i sine forfatterskap. Kva er det å skamme seg over? Og kva slags skamkjensler skriv dei om? Tre av våre mest sentrale forfattarar diskuterer skam som grunnleggjande erfaring i vår tid, og korleis den viser seg i litteraturen. Marit Eikemo er ordstyrar.

Fredag kl. 18.00 på Hardanger Hotell

Litterær latter

Dag Solstad, Agnes Ravatn, Ragnar Hovland og Einar Økland om humor i litteraturen etterfulgt av utdrag fra Solstad og Øklands lesestykke *Georg, sit du godt?* frå 1968.

Ordstyrar: Frode Molven.

Laurdag kl. 18.00 på Hardanger Hotell



Foto: Terje Rudi

Foto: Paul Bernhard

Må lese, bare må lese!

Seminar om fantasy- og serielitteratur

Ons. 13. oktober Meieriet Kulturhus

09.30 Registrering og velkommen.

10.00 Lars Mæhle: Eg har ein ven som aldri ser på tv-seriar.

Om dramaturgi i serielitteratur og tv-seriar, og korleis dette skil seg frå enkeltromanar og filmar. Kvifor er vi som leserar og tv-sjåarar så letturte at vi stadig vender tilbake til nye episodar i same serien?

10.45 Pause.

10.55 Svein Slettan: Ja, vi elskar dette tøvet.

Om humor i seriebøker for barn og unge.

11.40 Pause.

11.45 Bjørn Ingvaldsen: Morosamt?

Kva er morosamt? Kvifor blir det morosamt og kva kan vi bruke det til?
Passer humor for alle?

12.30 Lunsj.

13.00 Bjørn Sortland: Magien med om igjen og om igjen og om igjen.

13.45 Pause.

13.50 Iselin Alvestad: Virkelighetens eventyr.

Iselin Alvestads reise til verdas nest største sandørken inspirerte henne til å skrive fantasyserien Alanya, om geriljakrig og nord-sør-konflikt og eit lite kongrike som eksisterte i Kaukasus mellom 800 og 1222. Bli med på ei reise der vi ser korleis eventyrlige historier med rot i virkeligheten blir til.

14.35 Pause.

14.45 Anne-Stefi Teigland: Ka e greien her?

Kvifor er vampyruniverset så fascinerande? Frå Dracula til Twilight.

15.30 Oppsummerande kommentarar.

16.00 Slutt.

**Påmelding innan 28. september 2009 til Litteratursymposiet i Odda, Else Marie Sandal, Opheimsgata 31, 5751 Odda.
Eller: else.marie.sandal@odda.kommune.no**

Smelt

Foto: Helge Stokdalen



24

Den gamle containerverkstaden på Smelteverket har gjenoppstått som Oddas mest særegne kafe med lunsj- og middagsmeny og gratis opplesingar kvar dag under symposiet.

Smussforedraget. Onsdag klokka 17.00

ved Kjartan Fløgstad

Pedros poetiske hjørne. Torsdag klokka 15.00

Pedro Carmona-Alvarez er konferansier for dette programmet om ny poesi. Saman med Gunnar Wærnness har han redigert ein rykande fersk antologi *Verden finnes ikke på kartet*, med bidrag frå 34 poeter frå 25 land. Dei vil lese frå og samtale om antologien og eigne tekster, i selskap med poetane Kristin Berget og Terje Thorsen.

Drit i litteraturen. Torsdag klokka 16.00

Power-point-presentasjon med Gunnhild Øyehaug

Lunsjforedrag Fredag klokka 12.00

Lars Ove Seljestad: I begynnelsen var klassereisa
Hannah Helseth: Generasjon Sex

Menn, død og elskov Laurdag Klokka 17.00

Arne Lygre og Per Knutsen les frå sine siste bøker, *Min døde mann* og *Gamle menns elskov*. På svært ulikt vis har bøkene handling frå samfunnets tabubelagte randsone, om einsemd og begjær mellom menn. Der Knutsen skriv detaljert, rått og burlesk om gamle rynkete menn med slappe kroppar, skrive Lygre i eit sober, reinskåre språk, i sterkt i kontrast til eg-personens kaotiske livssituasjon.

Hannah Helseth



Arne Lygre



Lars Ove Seljestad



Foto: Julia Jorrett & Falster

Eg likar drit. I alle høve når han er framstilt kunstig og kjem ut rompa på ein blå leikeklovn, eller når han er framstilt kunstig på den måten at han er skildra i litteratur.

Gunnhild Øyehaug

***Drit i litteraturen**



Foto: Rolf M. Aagaard



John Olav Nilsen & Gjengen

På litteratursymposiet fusjonerer Loddefjord og Odda, og kaboom: ODDAFJORD!

John Olav Nilsen & Gjengen har revitalisert norsk rock med sine songar på bergenks, med tekstar som fortener å bli hørt også på ein litteraturfestival. Fyrt opp av pønkens energi, postpønkens fridom og postpostpønkens varme, er John Olav Nilsen eit uvanlig talent som brenn seg gjennom alle høgtalarar. Han viser at det er fullt mulig å synge om sin eigen, vesle stad på slikt vis at det blir gyldig for alle. I Lindehuset på Odda Smelteverk der dei tidligare skapte industrimagi ved å destillere flytande luft, vil det denne kvelden bli produsert eitt tonn rockemagi.

Allsong & valiumsvals! Diamantar & kirsebær!

For kva blir eigentlig **5071 + 5750?** For sant til å vere godt

Torsdag kl. 21.00 i Lindehuset

*Gå inn i din tid!

Møt Åsne Seierstad i to brennaktuelle samtalar
på Litteratursymposiet i Odda.



Bokhandleren i Kabul har gitt Åsne Seierstad eit verdsnamn og mange runder i retten med bokhandlaren, Shah Muhammad, som meiner at han og familien blir uthengt i boka. I sommar tapte Seierstad og forlaget Cappelen Damm i Oslo tingrett.

Samtidig blei Karl Ove Knausgård og Tomas Espedal nominert til Nordisk råds litteraturpris for sine sjølvbiografiske romanar, og Vigdís Hjorth har levd lenge med skuldingar om intimitetstyranni i sine bøker. Kor går grensene for skjønnlitteraturen? Og kor går grensene for dokumentaren og sjølvbiografin? Kor dokumentarisk kan ein roman vere før den sluttar å vere ein roman? Og kor litterær kan ein dokumentar vere?

Seierstad har også skrive sterke bøker frå sine reiser i Irak, Serbia og Tsjetsjenia. I Odda møter ho Per Anders Todal og Kjartan Fløgstad til samtale om det tidligare Sovjetunionen i postkommunismens tid.

Sovjetiske skuggar med Åsne Seierstad, Kjartan Fløgstad og Per Anders Todal.
Ordstyrar: Aslak Sira Myhre.

Fredag kl. 16.00 på Biblioteket

Faktafiksjon med Åsne Seierstad, Tomas Espedal og Vigdís Hjorth. Ordstyrar: Frode Molven.

Laurdag kl. 16.00 på Biblioteket

Litterær heilaften



Konferansier Aslak Sira Myhre les også frå si nye bok *Herskap og tjener*.

Ein heilaftens presentasjon av aktuelle, kritikaroste og svært populære norske forfattarar.

Kveldens konferansier: Aslak Sira Myhre.

Med Bernhard Hvals forsnakkeler har Lars Saabye Christensen skapt ein ny snublete helt i sitt litterære univers: Bernhard Hval, tvangsnevrotikar med fortid som rasande dyktig obdusent i kjellaren på Rikshospitalet.

Tomas Espedal skriv sjølvbiografiske og sjølvutleverande romanar i grenselandet mellom roman, essay, brev, dagbok, og reiseskildring. Hans siste roman *Imot kunsten* blei nominert til Nordisk Råds Litteraturpris.

Vigdís Hjorths nye, og allereie kritikaroste roman, *Snakk til meg*, handlar om ei forsiktig middelaldrande kvinne som reiser til Cuba og overraskar seg sjølv. Er det kjærleik ho opplever?

Beate Grimsrud blei i si tid headhunta til å bli forfattar og har sidan vore kritikarane sin yndling. Hennar nye roman, *En dære fri*, er ein forunderlig roman om psykiske lidingar som mange kommer til å elske, skrev Dagens Nyheter då boka kom i haust.

Det er mange som gler seg til Ragnar Hovlands neste bok, som kjem til våren. Vi får ei eksklusiv opplesing frå hans enno upubliserte roman.

Fredag kl. 20.00 i Lindehuset



Barneprogram

Heavykatten

Eit forrykande musikalske møte med Heavykatten, Disco-dansemusa og Pinnsvinet Phillip. All tre er Roald Kaldestads litterære karakterar som dukkar opp på heavy-bandet si øving. Kor kjem dei frå, og kvifor er dei som dei er? Kan ein katt ha tatoveringar og vest med naglar? Kan ei mus danse disco og kan eit piggsvin skriva poesi? Medvirkande: Roald Kaldestad, Roy Ole Førland og Stig Lundblad-Sandbakk

Maria Parr

Tonje Glimmerdal er den einaste ungen i Glimmerdalen og den tøffaste jentungen dalen har sett. Møt Maria Parr, norsk litteraturs nye stjerne, som stadig oftare blir nemnd i selskap med Astrid Lindgren. Med *Tonje Glimmerdal* gjorde ho reint bord på litterære prisutdelingar i fjor og fekk eit stort internasjonalt gjennombrot.

**Møt Maria Parr og Heavykatten
på Meieriet Laurdag kl. 11.00**

**Maria Parr også
på Kinsarvik Bibliotek Laurdag kl. 13.00**

Vitensenteret

Det blir vitenshow og aktivitetar for barn på Vitensenteret laurdag klokka 13.00-16.00



Garmanns hemmelighet

Det er ei stor glede å ønske Stian Hole velkommen tilbake til Odda. I år har han med seg ei heilt ny bok, den tredje i rekka av nydelige biletbøker om Garmann. *Garmanns hemmelighet* er ei vakker forteljing om den første skjøre forelskinga, om å vere to og om å ha løyndomar.

**På Vitensenteret
Laurdag kl. 16.00**

Dronninga er død,

Heilt alvorlig, personlasjef Bleiklie, denne jobben her han gir meg smør på brødet, men han eter sjela mi eg seier opp, eg orkar ikkje bli, eg må skru volumet opp til ti

Heilt alvorlig, personlasjef Bleiklie, eg må hive på meg frakken eg har det 21. århundret pustande ned nakken eg må handle no, ja, du veit kva eg vil bli eg vil bli stjerne, personlasjef Bleiklie.

*Fame, fame, fatal Fame!
eg meldte meg på Idol, men ijuryen sat:
Jan Fredrik Karlsen
eg meldte meg på Norske Talenter, ijuryen sat:
Jan Fredrik Karlsen
eg meldte meg på X-faktor:
---Jan Fredrik Karlsen
å eg som drømte om å nå toppen av poppen
alt eg fikk var ein klem av Solveig Kloppen*
Utdrag frå Dronninga er død, Oddaversjonen.

Foto: Erik Brekke

Vår mann fyller femti år. Det markerer han sjølv med ei oddafisering av The Smiths-albumet *The Queen is dead*, der mellom anna «Frankly, Mr Shankly» er blitt til «Heilt alvorlig, personlasjef Bleiklie».

leve Frode Grytten!

Vår lokale helt er blitt ein av landets mest allsidige og betydningsfulle forfattarar. Med Bikubesong har han også plasert Odda på det litterære verdskartet og gjort Murboligen til ein av Norges største litterære eksportartiklar. Dette vil vi feire med eksklusive opplesingar i Gryttens bikube. Møt Frode Grytten, Dag Solstad og Gunnhild Øyehaug i leiligheter i Murboligen, der folk bur og lev liva sine, og sjenerøst opnar dørene for oss.

Vi har også invitert jubilantens gode kollegaer Kyrre Andreassen, Terje Thorsen og Marit Eikemo til å lese Grytten på ny. Dei vil samtale om og med forfattaren om livet, døden og singelplater på 2 min. og 50 sek. Kva hadde Frode Grytten vore utan Odda? Kva hadde Odda vore utan Frode Grytten?

Her kan du møte Frode Grytten

Opningsforestillinga

Onsdag klokka 19.00 i Lindehuset

Litterær knock out

Torsdag klokka 17.00 i Lindehuset

50/50 og Dronninga er død – Oddaversjonen

Torsdag klokka 19.00 på Lindehuset

Bikubesalong

Frode Grytten, Dag Solstad, Gunnhild Øyehaug.

Fredag klokka 14.00 i Murboligen

Fotballdebatt

Fredag klokka 22.00 på Hardanger Hotell

Bikubegang med Frode Grytten og Pedro Carmona-Alvarez

Fredag og laurdag klokka 16.00, start Murboligen.

Skål, Odda!

Laurdag klokka 20.00 i Kinoen.



Fotballdebatten

Kva får du når nokre av landets fremste forfattarar rottar seg saman med Brannkeeperen? Svar: årets mest spektakulære fotball-debatt! Håkon Opdal, Dag Solstad, Kjartan Fløgstad og Frode Grytten oppsummerer det vakre og det skitne i årets fotball-VM. Aslak Sira Myhre er ordstyrar.

Fredag kl. 22.00 på Hardanger Hotell



Skål, Odda!

I årets festforestilling hever vi glasa og seier Skål, Odda!

Det blir urpremiere på Tyssedalkorets nye storprosjekt, ein nyprodusert cd der Guttorm Guttormsen har komponert ny musikk til tekstar av oddaforfattarane Marit Eikemo, Frode Grytten, Lars Ove Seljestad, Hallgeir Opedal og Svein Eide.

Kvelden byr også på premiere for Odda Storband. Lokale musikarar med utspring frå skolekorps, musikklag, kulturskole så vel som lokale band spelar storbandmusikk i ny og gammal stil.

Regi: Eldbjørg Furholt.

Laurdag kl. 20.00 i Kinoen

Smusstillegg

Den lesande arbeidar er ein visjon, blir det sagt. Men kva med den arbeidande forfattar? Kva slags arbeid er det å skrive bøker? Og korleis blir arbeidet skildra i litteraturen? Det er ikkje mange som skildrar dette vakrare enn Tomas Espedal i sin siste roman *Imot kunsten*. Lars Ove Seljestad har som forfattar og sosiolog røska i våre forstillingar om arbeid, klasse og industri, og debutant Tina Åmodt fekk strålende mottaking for si bok *Anleggsprøsa* tidligare i år, om livet på ein byggeplass.

Laurdag kl. 14.30 på Hardanger Hotell

Ordsmia

Vi opnar dørene til Noregs største industrismie og utfordrar lokale heltar til å smi ordet. Lars Ove Seljestad, Herdis Moldøen, Jan Gravdal og Erlend Huus prøver å overgå kvarandre i Oddasnakk og gode historier frå fabrikkane. Else Marie Sandal er ordstyrar.

Onsdag kl. 21.30 i Smia

Makter og menneske

Makter og menneske er Odda sitt nye monument, laga av kunstnarane Lars Korff Lofthus og Leander Djønne. Verket er forma som ein stor hestesko-magnet, laga i rusta jern. Den magnetiske forma står på ein sokkel av betong, og deler av monumentet er av messing med gravert tekst, som tek utgangspunkt i dei fyrtre mannskapsprotokollane på Smelteverket, i tillegg til tekster av meir poetisk og historisk karakter.

Makter og menneske blir avduka på smelteverkstomta i løpet av Litteratursymposiet.

augon.no



Hardanger Folkeblad



iBOLIDEN

